



Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre

Møteinkalling

Utval: **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre**

Møtestad: Sørstranda, Gloppe

Dato: 12.06.2023

Tidspunkt: 10:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 9/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 10/23	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 2/23	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2023		2019/4183
RS 3/23	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 2/2023		2019/4173
ST 11/23	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Granskjøtsel 2023		2023/8714
ST 12/23	Eventuelt		

**ST 9/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 10/23 Signering av protokoll frå førre møte**



Arkivsaksnr: 2019/4183-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 02.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	2/23	12.06.2023

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2023

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyre tek orienteringssakene til vitande.

• Delegerte vedtak sidan førre møte

- Naustdal og Førde saueeigarlag fekk løyve til å transportere saltstein og gjerdemateriell inn til Yste Longevatnet i slutten av mars. Transporten gjekk føre seg med snøskuter og ATV med belter.
- Håkon Hjelle Roset har fått løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport av materiale og utstyr til arbeid på hytte ved Fitjestøylen. Løyvet gjeld for 10 turar i perioden mai til og med august no i 2023.

• Betre samhandling med kommunane i motorferdselsaker

Siste åra har vi hatt ein dialog med det felles landbrukskontoret til Gloppen og Stad kommunar, om motorferdselsaker. I mange motorferdselsaker skal man søke både verneområdeforvaltning og kommune om dispensasjon. Mange er ikkje klar over dette, og forheld seg til berre til den eine instansen. Dette er sjeldan noko problem utanfor verneområda, for der føreheld dei seg berre til kommunane. Men innanfor verneområde er det mange som då søker berre til verneområdeforvaltninga. Ein del av sakene får ikkje kommunen vite om før dei får kopi av vedtak frå oss.



Dette vert endå meir komplisert av at verneforskriftene og motorferdsellova er ulike. I mange tilfelle er det strengar reglar i verneområde og kanskje generell dispensasjon i motorferdsellova. Men, i nokre tilfelle kan det teoretisk sett vere motsett. Uansett er det eit litt komplisert område kor sjølv vi som jobbar med det ikkje har heilt oversikt over regelverket hos den andre instansen.

Strengt tatt er det søkeren som har ansvar for dette. Men vi innser at vi må hjelpe søkerane litt og minne dei på det. Vi skriv det og i saksutgreiingane og vi legg det ofte inn som vilkår i løyva.

Vi har og snakka om felles søknadsskjema. Vi nyttar stort sett same type digitale skjema for motorferdselsøknader. Men, med tanke på ulike IKT-system, IKT-trykkleik, sakshandsaming og journalføring so er nok det vanskeleg å få til.

I første rekke tenkjer vi derfor at løysinga ligg i betre kommunikasjon og informasjon:

- Vi bør rutinemessig vidaresende relevante søknader til kvarandre.
 - Vi bør passe på å informere søkerane vi er i kontakt med om regelverket hos den andre instansen.
 - Vi må skrive heilt klart om søkeren sitt ansvar for løyve frå andre instansar, helst som vilkår i løyva.
- **Samling med Administrativt kontaktutval**

Vi skal ha samling med Administrativt kontaktutval 15.juni. Det utvalet er felles med Ålfotbrean LVO, sidan fleire av aktørane der er dei same (Gloppe og fylkeskommunen). Samlinga vert i Naustdal og Vonaområdet, kor vi skal sjå på fleire av dei tiltaka og sakene vi har hatt der.



Arkivsaksnr: 2019/4173-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 02.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/23	12.06.2023

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidlar styremøte 2/2023

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyre tek orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Status på tiltak og tiltaksmidlar

Skjøtsel av kulturlandskap

Vi har skrive avtale med 5 grunneigarlag om skjøtselsarbeid på og rundt støylane deira. Dette er liknande avtaler som vi har hatt siste åra og som bygger på skjøtselsplanar som grunneigarane har laga i samråd med verneområdeforvaltninga. Dette er ein modell som har fungert veldig bra.

Totalt 220.000 av tiltaksmidlane er bunde opp i desse avtalane.

Byrkjenesmannen

Vi har sett av midlar til informasjonstavle om Byrkjenesmannen ved Gimmestadstøyen. Det er grunneigarane som har regien i det tiltaket. Eg går ut i frå at arbeidet er i rute.

Fjerning av gran

Sjå eiga sak.



Informasjonsskilt

Vi har no fått løyve fra Statens Vegvesen til å flytte informasjonsskilta som står ved Årdal i Jølster, til Svidalsneset. Vi får der sette opp skilta på den plasseringa vi helst ønskte. Oppdraget er sendt til Gravdal Skog & Hageservice som vi har rammeavtale med. Vi har ikke fått tilbakemelding frå dei enno. Der er nokre avklaringar som må gjerast og nokre praktiske detaljar som vi må sjå på, men det tek forvaltar og SNO direkte med Gravdal S&H og med Statens Vegvesen.

Råsa gjennom Urabakkane i Gjengedalen

Stien skal forbetraast og endrast litt slik at det vert lettare å drive storfe langs stien gjennom dette partiet. Jobben vil verte utført av forvaltar, SNO og Bygdeservice (rammeavtale) i veke 25.



Arkivsaksnr: 2023/8714-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 02.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	11/23	12.06.2023

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Granskjøtsel 2023

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret vedtek plan for granskjøtsel i 2023.

Verneområdestyret engasjerer sommarhjelp frå Statsforvaltaren til

Saksopplysningar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fordelede tiltaksmidlar for 2023 på styremøte 1/2023. Av dei tildelte midlane frå Miljødirektoratet vart det sett av kr 250.000 til fjerning av gran. Dette er eit tema og ein type skjøtsel som verneområdestyret tidlegare har gjeve høg prioritet og vurdert som særskilt viktig.

Fjerning av gran er ein type tiltak som ser enkel ut på papiret, men som i praksis krev mykje arbeid av forvaltninga. Det er mykje arbeid som må gjerast på førehand som inkluderer planlegging, dialog med grunneigar(ar), kommunikasjon med dei som skal utføre arbeidet. I tillegg kjem ein del arbeid underveis og etterpå med oppfølging og handtering av trevirke. Det er mykje jobb og kommunikasjon, men ikkje nødvendigvis veldig komplisert fagleg sett.



Vurdering

Statsforvaltaren i Vestland engasjerer normalt personell på sommarjobb, og det skal vi i år også. Mellom anna skal ein person ha eit engasjement gjennom sommaren tilknytt naturmangfaldseksjonen, med kontorstad på Leikanger.

Verneområdeforvaltar vurderer det slik at det å jobbe med fjerning av gran i Naustdal-Gjengedal kan vere eit høveleg prosjekt for ein «sommarvikar». Vedkommande vil få eit innblikk i ei ganske vanleg oppgåve og nytig erfaring. Ein vil også få høve til å følgje eit prosjekt meir eller mindre frå start til slutt, noko som vil gje eigarskap til arbeidet. Og fagleg sett meiner eg at oppgåva er høveleg.

I tillegg so vil det frigjere tid for verneområdeforvaltar til å følgje opp dei andre tiltaka på lista, og til andre arbeidsoppgåver.

Eg har diskutert og klarert dette med seksjonssjef Eline Orheim på Naturmangfaldseksjonen. Dette prosjektet er ei av dei aktuelle arbeidsoppgåvene for sommarvikaren som skal starte no i starten av juni.

Eg er i ferd med å skrive ein enkel prosjektplan. Den er ikkje ferdig enno, men vil bli sendt ut før sjølve møtet 12.juni.



ST 12/23 Eventuelt